




Gunnar Haugland er inne på uskedalen.no kvar dag. Han brukar nettstaden som ei lydavis.

Gunnar Haugland frå Klammeren i Uskedalen har sidan 1957 budd på Rubbestadneset og hadde arbeidet sitt på Wichmann Motorfabrikk som driftsassistent og planleggjar for hovud- og delmontering fram til 1986. Ein augesjukdom førte til at han vart sterkt synshemma og til slutt blind. Kvar dag er han inne på nettsida Uskedalen.no og røysta til ein med namnet Olav les teksten. Den same ordninga gjeld for Haugesund Avis og Bergen Arbeidarblad. Han har database med namna på alle i familien og dato for dato les ei røyst namnet på den som har fødselsdag med rett alder.

Barnebarnet Daniel hjelper bestefaren med det datatekniske. Han lagar systema, programmerer og er straks på plassen om noko oppstår.

Gjennom Telenor har han abonnement på mobil der ein kan leggja inn spørsmål og få svar. Gunnar seier namnet på den han vil telefonen skal ringja opp. Straks vert personen oppringd. Det same skjer med vermeldingane og temperaturen. Komfyrvakt og tidsvakt på kaffitraktaren er ei vanleg løysing for mange i dag.



[Eit eige program på datamaskinen gjer at artiklane vert lesne av røysta til ein ukjend med namnet Olav.](#)

Gunnar Haugland har førarhund, den tredje i rekkja. Førarhund går ut på dato og no vert det vurdert om han skal få tildelt den 4. hunden. Hunden er ein lys Labrador og har namnet Asti. Førarhunden går den rette vegen, til butikken, til vener, på faste ruter og i terrenget. Hunden finn alltid den rette og beste vegen. I Uskedalen går hunden til dømes den rette vegen frå sentrum til Klammeren.

Det er ein omstendeleg prosess å få ny førarhund. Hunden må ha ei opplæringstid på to år og brukstida er alt frå 2 til 12 år. Når tida er ute, er hunden pensjonist.

Gunnar har snikkarverkstad der han mellom anna lagar Jærkrakkar, noko Uskedalen.no har skrive om før. Han har ein vakker hage med mange roser og andre planter. Ein dag gjekk ein gut saman med foreldra sine forbi.

Guten seier: Han som er blind, har den finaste hagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal